

Høgskulen i Volda den 13. juni 2017

SEMINAR OM SPESIALUNDERVISNING



Påmelding innan 24. mai
Bruk lenka på
www.hivolda.no/speed

PROGRAM

- 09:45 Velkomen v/dekan [Arne Myklebust](#)
- 10.00 Høgskolen i Innlandet: Bakgrunn og grunnlag for prosjektet spesialundervisningens funksjon (SPEED). [Thomas Nordahl](#), professor i pedagogikk.
- 10.45 Opplegg og gjennomføring av SPEED-prosjektet. [Arne Kåre Topphol](#), førsteamanuensis i matematikk, HVO
- 11.15 Kaffi
- 11.30 **Kortpresentasjonar frå kapittel i boka (femminuttsinnlegg):**
- Sambandet mellom ordinær opplæring og spesialundervisning i lys av inkludering. [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), stipendiat i pedagogikk, HVO
 - Spesialundervisning for fleirspråklege elevar. [Anne-Kari Remøy](#), høgskulelektor i pedagogikk, HVO
 - Lavt presterende elevar og kjønnsforskjeller – hvem får og hvem får ikke spesialundervisning? [Gro Løken](#), stipendiat i pedagogikk, Høgskolen i Innlandet
 - Mer ekskludering på ungdomstrinnet? [Kari Nes](#), høgskoledosent i pedagogikk, Høgskolen i Innlandet
- 12.00 Lunsj
- 13.00 Kortpresentasjonar frå kapittel i boka fortsetter:
- Elevar med vedtak om spesialundervisning. Hva vet vi, hvordan har de det, og trives de på skolen? [Ratib Lekhal](#), førsteamanuensis ved Institutt for kommunikasjon og kultur, BI (Oslo)
 - Elevar med matematikkvanskar og deira utvikling i løpet av eit år. [Leif Bjørn Skorpen](#), førstelektor i matematikk, HVO
 - Ungdomsskulelevar med spesialundervisning og deira relasjon til læraren. [Gunhild Nordvik Reite](#), høgskulelektor i pedagogikk, HVO
 - Frimodige samtaler om tilfredsstillende læringsutbytte. [Hege Knudsmoen](#), høgskulelektor i pedagogikk, Høgskolen i Innlandet
- 13.25 Kva spesialundervisning handlar om, og kva funksjon den har. [Peder Haug](#), professor i pedagogikk, HVO
Ope for spørsmål og innlegg frå forsamlinga
- 14.20 Kaffi
- 14.35 SPEED-prosjektet i et internasjonalt perspektiv. [Niels Egelund](#), professor i spesialpedagogikk ved Danmarks institutt for Pædagogik og Uddannelse, Aarhus Universitet, Danmark
- 15.00 Korleis Skarbøvika ungdomsskole har møtt utfordringane i spesialundervisninga. [Vidar Åkre](#), rektor Skarbøvika ungdomsskole i Ålesund
- 15.30 Utviklingsarbeidet om spesialundervisninga i Lillehammer-skulen. [Trond Johnsen](#), skulesjef i Lillehammer.
- 16.00 Avrunding



Prosjektleder Peder Haug.



Thomas Nordahl er ansvarleg for arbeidet ved Høgskulen i Innlandet.



Forskningsgruppa samla til oppstartseminar i 2013.

Påmelding innan: 24. mai
Bruk lenka på www.hivolda.no/speed

Dagsseminar om SPEED-prosjektet «Kva funksjon har spesialundervisninga»

SPEED-prosjektet har studert spesialundervisninga i grunnskulen og kva innhald og funksjon den har. På eit seminar ved Høgskulen i Volda den 13. juni lanserer forskningsgruppa ei bok med bidrag frå noko av den forskinga som er gjort i dette prosjektet.

Spesialundervisning er for dei elevane som ikkje har utbyte av den ordinære opplæringa. Den ordinære opplæringa er såleis viktig å kjenne, når ein skal diskutere spesialundervisning. Når den ordinære opplæringa er god, er den god for alle, og då blir behovet for ekstra tiltak redusert.

Difor er det samla inn eit omfattande datamateriale frå elevar, foreldre og lærarar om 3000 elevar (5. – 10. trinn) og deira opplevingar, innsats, åttferd, motivasjon og resultat i skulen. Av desse elevane får litt over 200 spesialundervisning. I tillegg er det gjort meir avgrensa «djupdykk» på enkelte område.

Spesialundervisning er ei svært utfordrande oppgåve for skulen. Difor er det uråd å gje eit enkelt svar på det som er hovudspørsmålet i prosjektet, kva innhaldet og funksjonen er. På seminaret vil deltakarane få kjennskap til nokre av dei resultatane som har kome fram på nokre av dei områda vi har resultat frå. Eksempel på slike område kan vere sambandet til: ordinær opplæring, medelevar og lærarar, segregering og inkludering, læringsutbyte, staveutfordringar, lesing, IKT, matematikk og trivsel.

Resultata i prosjektet gir eit svært varierende, men velkjent bilde av spesialundervisninga i grunnskulen. Særleg blir to konklusjonar ståande.

Den første viser at prosessane frå sakkunnig vurdering og til gjennomføring og evaluering i mange høve ikkje oppfyller nokre reglar eller forskrifter, faglege forventingar eller pedagogiske kvalitetar. Behova for individuell tilpassing, eit godt samband mellom ordinær opplæring og spesialundervisning, kompetent personale og tilfredsstillande spesialpedagogisk basis for undervisninga er ofte ikkje oppfylte godt nok, men det varierer mykje.

I den andre konklusjonen viser empirien og forskinga vi byggjer på eit svært varierende utbyte. For nokre gir spesialundervisninga god støtte, hjelp og høve til utvikling og læring. For andre treng den ikkje ha noko å seie i det heile, og bidreg i liten grad til å fremje læring og å utvikle eit positivt sjølvbilde og høg sjølvtilitt. Elevar som får spesialundervisning har også som gruppe mindre framgang enn elevar som er på same fagleg nivå utan å få spesialundervisning.

På seminaret vil vi gå nærare inn på desse konklusjonane, og på kva som kan forklare dei. Det vil vere med på å skape eit grunnlag for korleis ein kan kome vidare på området. Frå dei to kommunane som har vore involverte i prosjektet vil det bli gitt døme på korleis dei har arbeidd med å utvikle skulane til å bli ein betre stad å vere for alle elevar, også dei som får spesialundervisning.

Seminaret finn stad i Store aud. i Berte Kanutte-huset.